



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## **Varsel om pålegg om undersøking, nedlagt fyllplass på Moldekleiv, gnr. 27 bnr. 5, Meland kommune**

---

**Fylkesmannen i Hordaland varslar med dette at vi med heimel i § 51 i forureiningslova vurderer å påleggja Meland kommune å gjennomføra ei undersøking av grunnforureining på lokaliteten Moldekleiv søppelfylling (4194), gnr. 27 bnr. 5 i Meland kommune. Eventuelle merknader til varselet må sendast Fylkesmannen innan 31. desember 2018.**

---

Vi viser til synfaring saman med Marius Flemmen Knudsen og Kristin Mo frå Meland kommune 2. mai 2018. Med på synfaringa var og grunneigar Svein Ole Kvamme Tjore.

### **Bakgrunn**

Meland kommune dreiv deponi for hushaldsavfall på gnr. 27 bnr. 5 frå midt på 1970-talet og ei tid frametter. Vi kjenner ikkje til når deponiet vart avslutta. Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap vart etter opplysningar i Brønnøysundregisteret stifta 26. juni 1981, og Meland kommune leverer i dag hushaldsavfall dit.

Noverande eigar av gnr. 27 bnr. 5 ynskjer å ta i bruk arealet til beite.

Lokaliteten vart registrert i Grunnforurensningsdatabasen<sup>1</sup> den 27. april 2011, men vart den gongen registrert på egedomen gnr. 27 bnr. 1. Dette blei retta opp etter synfaringa 2. mai i år.

Notat etter synfaringa 2. mai i år er vedlagt.

### **Fylkesmannens vurderingar**

Observasjonane under synfaringa syner etter vår meining at det må vurderast tiltak mot spreing av forureining m.v. frå den nedlagde fyllplassen. På grunn av noverande eigar sine planar om å bruka arealet som beiteområde må det også avklarast om det må setjast inn tiltak for å leggja til rette for slik bruk.

Det trengst derfor fleire opplysningar for å kunna fastslå om og i kva grad denne lokaliteten representerer forureining eller fare for forureining, og korleis dette eventuelt kan motverkast.

Den beste måten å få fram slike opplysningar på vil vera at det blir gjennomført ei undersøking av lokaliteten etter «NS-ISO 10381-5 veiledning for fremgangsmåte for

---

<sup>1</sup> <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>.

undersøkelse av grunnforurensning på urbane og industrielle lokaliteter» (nedanfor kalt standarden) og relevante Miljødirektoratet-rettleiarar.

#### *Vurdering av ansvarleg*

Den ansvarlege vil normalt vera den som er eller har vore forureinar. Det går fram av dokument vi har fått tilgang til frå Meland kommune at det var kommunen som i si tid fekk oppretta deponiet og dreiv det som mottak for hushaldsavfall og noko industriavfall.

Den ansvarlege for forureininga er etter § 7 første ledd den som har, gjer eller set i verk noko som kan medføre fare for forureining. Meland kommune hadde mellombels løyve etter forureiningslova til å oppretta og driva deponiet.

Ein forureinar kan ikkje fritta seg for ansvaret sitt ved å inngå privatrettslege avtalar.<sup>2</sup>

Vi ser derfor på Meland kommune for ansvarleg for det nedlagte deponiet på Moldekleiv.

#### **Varsel om pålegg**

Fylkesmannen varslar med dette at vi vurderer å påleggja Meland kommune, med heimel i § 51 i forureiningslova<sup>3</sup>, å få gjennomført ei undersøking av det aktuelle arealet på gnr. 27 bnr. 5 i Meland kommune. Ei slik undersøking skal først og fremst omfatta:

- Beskriva lokaliteten, gjera greie for noverande og tidlegare aktivitet på området, areal, volum og typar avfall som er deponert, framtidig arealbruk og eventuelle helse- og miljøkonfliktar
- Vurdering av forureiningssituasjonen med kjelder til forureining, spreingsvegar og mogelege effektar som kan oppstå. Dersom slike effektar har oppstått eller kan påvisast skal dei beskrivast
- Relevante undersøkingar og prøvetaking av vatn, jord m.v.
- Vurdering av helserisiko, helsebaserte tilstandsklassar etter rettleiar TA-2553/2009 frå Miljødirektoratet
- Om dagens eller framtidig bruk av området eller spreiring av forureiningar utløyser behov for å gjennomføra tiltak

Nødvendig dokumentasjon skal leggjast ved rapporten.

Kommentar til dette varselet kan sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan 31. desember 2018, anten til epost-adresse [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) eller til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen.

Med helsing

Astrid Holte  
senioringeniør

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

---

<sup>2</sup> Ref. dom 2010-03-10. Rt 2010 306. Norges høyesterett – avsnitt (82)

<sup>3</sup> Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981.

Kopi til:

Miljødirektoratet

Svein Ole Kvamme Tjore

Postboks 5672 Sluppen

Moldekleiv 52

7485

5918

TRONDHEIM

Frekhaug